


Avtale

Samarbeid mellom kommunale tenester, helse og sosial, psykisk helseteneste og tannhelsetenesta i Hordaland



”Tenner for livet”

Avtalen er utarbeid i samarbeid mellom



Samarbeid mellom kommunale tenester, helse- og sosial, psykisk helseteneste og tannhelsetenesta i Hordaland

I tannhelsetenesta sitt arbeid for å gje tannhelsetilbod til prioriterte grupper og rusmisbrukarar, er det særleg tilbodet til personar under 3 år, personar med utviklingshemming, eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon og heimesjukepleie og rusmisbrukarar at tannhelsetenesta har eit særleg behov for samarbeid med kommunehelsetenesta/sosialtenesta for å kunna nå desse klientane med behandlingstilbod.

For å kunna ivareta lovkrav og helsepolitiske mål er forpliktande samarbeid mellom forvaltningsnivåa nødvendig. I den samanhengen viser ein til Tannhelsetenestelova § 1-3, 1. ledd bokstav c, som heimlar dei prioriterte gruppene sin rett til gratis tannhelsehjelp.

I Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m.§ 1-1 nummer 5 står det at formål med lova er å sikre samhandling og at tenestetilbodet blir tilgjengeleg for pasient og brukar, samt sikre at tilbodet er tilpassa den enkelte sitt behov.

Vidare i § 3-1 fyrste ledd står det at kommunen skal sørgje for at personar som oppheld seg i kommunen blir tilbudt nødvendige helse- og omsorgstenester. § 3-4, pålegg kommunane ei plikt til samhandling og samarbeid. M.a. skal kommunen samarbeide med fylkeskommune, regionalt føretak og stat sånn at helsetenestene i landet best mogleg kan verke som ei eining.

Eit godt tilbod er avhengig av eit nært og forpliktande samarbeid mellom fylkeskommunale og kommunale tenester. Samarbeidet kan best sikrast gjennom skriftlege avtalar mellom partane der ansvar og oppgåver er tydleg fordelt og definert.

Både den fylkeskommunale tannhelsetenesta og den kommunale helse-, sosial- og omsorgstenesta har ansvar for at personar som er definert i målgruppa får eit tilfredsstillande tannhelsetilbod.

Mål for tannhelsetenesta i Hordaland sitt tilbod

Målgruppe: Langtidssjuka som er brukarar av psykisk helseteneste.

Mål: Fremja god helse, førebyggje tannsjukdommar og gje nødvendig tannhelsehjelp.

Delmål: Oppretthalda ei akseptabel oral helse.

Dette inneber at brukaren :

- ikkje har smerte, ubehag eller alvorlege lidingar i munnhola
- har (utifrå pasienten sin helsetilstand) tilfredsstillande tyggefunksjon
- kan kommunisera og ha sosial omgang utan problem der dette skuldast tennene

Kjelde: Staten helsetilsyn, 1999

- Sikra at langtidssjuka som er brukarar av psykisk helseteneste får tilbod om gratis tannhelseteneste.
- Etablere gode samarbeidsformer mellom kommunehelsetenesta, helse- og sosial, psykisk helseteneste og tannhelsetenesta i Hordaland.
- Kvalitetssikra tannhelseinformasjon slik at brukarane får eit heilskapeleg tilbod tilpassa eige nivå og behov.
- Kommunehelsetenesta, helse- og sosial, psykisk helseteneste og tannhelsetenesta skal leggja tilrette for at brukaren får ivareteke eiga tannhelse.
- Setja i verk helsefremjande og førebyggjande tiltak.

Kommunehelsetenesta, helse- og sosial, psykisk helseteneste og tannhelsetenesta i Hordaland har ulik organisering og er for-ankra på forskjellige forvaltningsnivå. Det betyr samarbeid på tvers av sektor og tenestegrense.

Arbeidet på tvers av sektorane blir i hovudsak styrt / regulert av følgjande regelverk:

Lover og regelverk

Lov om tannhelsetjenesten. LOV-1983-06-03-54

§ 1-3, 1. ledd bokstav c. Grupper av eldre, langtidsyke og uføre i institusjon og hjemmesykepleie.

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. LOV-2011-06-24-30

§ 1-1 Lovens formål

§ 1-2 Lovens virkeområde

§ 2-1 Forholdet til helsepersonelloven

§ 3-1 Kommunens overordnede ansvar for helse- og omsorgstjenester

§ 3-2 Kommunens ansvar for helse- og omsorgstjenester

§ 3-3 Helsefremmende og førebyggende arbeid

§ 3-4 Kommunens plikt til samhandling og samarbeid

§ 4-1 Forsvarlighet.

§ 7-1 Individuell plan.

Lov om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten m.m. LOV-1984-03-30-15

§ 3 Plikt til å opprette internkontrollsystem og tilsyn med at det føres internkontroll.

Lov om pasient- og brukerrettigheter. LOV-1999-07-02-63

Kap. 2 Rett til helse- og omsorgstjenester og transport.

Kap. 3 Rett til medvirkning og informasjon.

Kap. 4 Samtykke til helsehjelp.

Kap. 4A Helsehjelp til pasienter uten samtykkekompetanse som motsetter seg helsehjelpen mv.

Kap. 5 Rett til journalinnsyn.

Lov om helsepersonell m.v. LOV-1999-07-02-64

§ 21 Hovedregel om taushetsplikt

§ 21a. Forbud mot urettmessig tilegnelse av taushetsbelagte opplysninger

§ 25 Opplysninger til samarbeidende personell

Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker. LOV 1967-02-10 nr 00

§13 Taushetsplikt

Lov om folkehelsearbeid. LOV 2011-06-24 nr 29

Kap. 2 Kommunens ansvar

Kap. 4 Fylkeskommunens ansvar

Forskrift om kvalitet og omsorg i pleie og omsorgstjenestene for tjenesteyting.
FOR-2003-06-27-792

Samarbeidsavtale mellom kommune- helestenesta, helse- og sosial, psykisk helseteneste og tannhelsetenesta i Hordaland i

.....kommune

Målgruppa:

Langtidssjuka som er brukar av psykisk helseteneste.

Kommunehelsetenesta / helse- og sos- ial, psykisk helseteneste sitt ansvar:

- 1 Delta på årlege samarbeidsmøte mellom helse- og sosial, psykisk helseteneste og tannhelsetenesta i Hordaland.
- 2 Informera brukarane i målgruppa om tilbod om gratis tannhelseteneste og innhenta samtykke der dette er nødvendig.
- 3 Kommunen må sikra at alle med rett på vederlagsfri tannhelseteneste får eit tilfredsstillande tannhelsetilbod. Tannhelsetenesta må ha tilbakemelding på kven som ynskjer å nytta tannhelsetilbodet. Samtykkeerklæring skal leverast tannhelsetenesta. Likeeins må tannhelsetenesta få tal på kor mange som takka nei til tilbodet.
- 4 Etablera eit system der brukaren får ivareteke sin daglege munnhygiene og får nødvendig tannbehandling. Tannhelse kan inngå i pasienten sin individuelle plan.
- 5 God samhandling og kommunikasjon med tannhelsetenesta i Hordaland. Kvar avdeling har ein kontaktperson som er ansvarleg for samarbeidet med den lokale tannhelsetenesta.
- 6 Samarbeida med tannhelsetenesta i Hordaland slik at dei kan bidra med nødvendig opplæring til pleie- og omsorgspersonell. Sikra at munn- og tannstell inngår i kommunens opplæringsplan og at omsorgspersonell har nødvendig kunnskap til å ivareta den enkelte brukar si orale helse.
- 7 Gode prosedyrar når brukaren skal til tannklinikken, sikra at tannhelsetenesta i Hordaland får rett informasjon om helsetilstand og medikamentbruk og på den måten bidra til at brukaren får rett tannbehandling med god kvalitet.

Tannhelsetenesta i Hordaland sitt ansvar:

- 1 Innkalla til samarbeidsmøte mellom helse- og sosial, psykisk helseteneste og tannhelsetenesta i Hordaland og skriva referat frå møta.
(skriftleg innkalling med sakslista)
- 2 Sikra at brukaren skal få nødvendig undersøking, diagnostikk og tannbehandling ut i frå sin helsetilstand.
- 3 God samhandling og kommunikasjon med helse- og sosial, psykisk helseteneste. Tannhelsetenesta har ein kontaktperson som er ansvarleg for samarbeidet.
- 4 Gje opplæring/informasjon til helse- og sosial, psykisk helseteneste om dei til kvar tid gjeldande anbefalingane for god oral helse/tannhelse etter kommunen sin opplæringsplan.
- 5 Gje tilbakemelding om nødvendige munnpleietiltak

Avtale tilpassing

Denne sida kan nyttast dersom ein ynskjer endringar eller tilpassingar i avtalen.



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Avtalen må reviderast ved endring i lovverket, organisering og anna som er avgjerande for samarbeidet. Avtalen må gjennomgåast årleg og skal gjelda fram til ny avtale blir utarbeidt og teken i bruk.

Kommunehelsetenesta,
helse- og sosial, psykisk helseteneste

Tannhelsetenesta
i Hordaland

Dato:

17/10-18

Dato:

17/10-18

Namn:

Arta Lingrøde
Fagleder
Meland Kommune

Namn:

Hege March Fosse

Vedlegg

Tilbod om gratis tannbehandling

Informasjon til brukarar:

Langtidssjuka innan helse- og sosial, psykisk helseteneste.

Alle som har psykisk helseteneste har rett på gratis tannbehandling på offentlig tannklinikk. Brukaren må vere under omsorg i 3 mnd, minst ein gong i veka.

Fylkeskommunen dekker deler av pasienten sine reiseutgifter og fylgjer NAV sine reglar for reisedekning.

Ta kontakt med tannhelsetenesta i Hordaland dersom du:

- vil ha undersøkt tennene dine
- trur du har hol i tennene
- har problem med reinhald av tennene
- blør i tannkjøtet
- har "for store protesar"
- har andre spørsmål om tannhelsa

- me vil hjelpa deg med dette.

Velkommen til oss !!!!!

Helsing tannklinikken

SAMTYKKEERKLÆRING

Du har fått informasjon om at du har rett på gratis tannbehandling hjå tannhelsetenesta, Hordaland fylkeskommune. Dersom du ynskjer å nytta tilbodet må tannklinikken få melding om dette.

Kryss av:

**Eg ynskjer tilbod om tannbehandling.
Eg samtykker i at tannhelsetenesta får informasjon om min helsetilstand og eventuelt medisinbruk som har innverknad på tannhelsa og tannbehandling**

Eg ynskjer ikkje tilbod om tannbehandling

Dersom du ikkje ynskjer tilbod om tannbehandling no, men vil ta imot tilbodet ved seinare høve, må du då skriva under ny samtykkeerklæring og levera den til tannklinikken.

Namn: _____

Fødselsdato: _____

Telefon: _____

Adresse: _____

Dato: _____

Underskrift: _____

Dersom brukaren seier ja, ber vi at personellet fyller ut:

Tenesteområde /distrikt /sone / avdeling:

Kontaktperson: _____

Telefon til tenesteområde / kontaktperson: _____





HORDALAND
FYLKESKommUNE

Den offentlege tannhelsetenesta